## Velkommen til Studiebarometeret!

Takk for at du vil seie kva du meiner om studieprogrammet ditt. Svara kan betre studiekvaliteten!

Din høgskule / ditt universitet har opplyst at du studerer:

*Svar på undersøkinga ved å klikke "neste".*

*OBS! Lenka i sms-en er personleg – ikkje send den til andre*

## Velkommen til Studiebarometeret!

Takk for at du vil seie kva du meiner om studieprogrammet ditt. Svara kan betre studiekvaliteten! Din høgskule / ditt universitet har opplyst at du studerer:

*Svar på undersøkinga ved å klikke "neste" nederst på sida.*

**Kva inneber det å delta?**
Du svarar på eit spørjeskjema som tek om lag 10 minutt. Deltakinga er frivillig. Alle som fullfører undersøkinga, er med i trekkinga av gåvekort på opptil 5000 kr.

**Føremål**
Studiebarometeret kartlegg korleis studentar opplever kvaliteten på utdanninga. Undersøkinga blir brukt av utdanningsinstitusjonar, forskarar, studentar og styresmakter, og resultata blir publiserte som gjennomsnitt på studiebarometeret.no.

Studiebarometeret blir gjennomført av Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

**Kvifor får du invitasjon?**
Alle studentar i 2. og 5. studieår blir inviterte til å delta.

**Korleis har vi funne kontaktinformasjonen din?**
Vi har henta lister over registrerte studentar og bakgrunnsopplysningar (som kjønn, alder, opptaksgrunnlag, eksamensresultat og statsborgarskap) frå Databasen for statistikk om høgare utdanning (DBH), og kontaktinformasjon frå Kontaktregisteret. Fødselsnummer er brukt for å kople opplysningane på ein trygg måte. Basert på lovverket blir dette gjennomført som ei oppgåve i allmenta si interesse (jf. personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e og universitets- og høgskulelova § 15-3).

**Korleis blir opplysningane dine behandla?**
Ved å svare på undersøkinga samtykkjer du til at dine indirekte identifiserbare bakgrunnsopplysningar blir kopla med svara dine, og lagra hos HK-dir til 2035 og i forskingsarkivet hos Sikt til 2040. Kontaktinformasjonen din og fødselsnummeret ditt blir sletta seinast 1. mars 2026, med mindre du samtykkjer til vidare kopling eller oppfølging på slutten av undersøkinga. Du kan når som helst trekkje samtykket ditt.

**Rettane dine**
Så lenge du kan identifiserast, har du rett til innsyn i opplysningane vi har lagra om deg, å få dei retta eller sletta, å få kopi av opplysningane (dataportabilitet), og å

klage til Datatilsynet eller vårt personvernombod. Dersom du ikkje svarer på undersøkinga, blir alle identifiserande bakgrunnsopplysningar om deg sletta seinast 1. mars 2026.

**Spørsmål?**
Prosjektgruppa: studiebarometeret_uh@hkdir.no
Personvernombodet i HK-dir: personvernombud@sak.sikt.no

**Vennleg helsing**
HK-dir

*Når du svarer på spørsmåla i denne undersøkinga, ønsker vi at du tek utgangspunkt i dine samla erfaringar* ***hittil*** *i ditt noverande studieprogram.*

## Undervising

### Kor einig er du i følgande påstander?

| | Ikkje einig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dei fagleg tilsette gjer undervisinga engasjerande | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Dei fagleg tilsette formidlar lærestoffet/pensum på ein forståeleg måte | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Undervisinga dekker sentrale deler av lærestoffet/pensum godt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Undervisinga er lagt opp til at studentane skal delta aktivt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Forventningar

### I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg opplever at dei fagleg tilsette stiller klare forventingar til meg som student | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Dei fagleg tilsette forventar at eg stiller førebudd til organiserte læringsaktivitetar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Dei fagleg tilsette forventar at eg deltek aktivt i organiserte læringsaktivitetar | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Dei fagleg tilsette har høge faglege ambisjonar på vegner av meg som student | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Tilbakemelding og rettleiing

### Kor tilfreds er du med følgande:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kor mange tilbakemeldingar du har fått frå fagleg tilsette på arbeidet ditt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Dei fagleg tilsette si evne til å gi konstruktive tilbakemeldingar på arbeidet ditt | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Faglege diskusjonar og rettleiing frå fagleg tilsette | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Fagleg og sosialt miljø

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Det sosiale miljøet blant studentane på studieprogrammet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Det faglege miljøet blant studentane på studieprogrammet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Miljøet mellom studentane og dei fagleg tilsette på studieprogrammet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Fysisk læringsmiljø og infrastruktur

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Lokaler for undervising og øvrig studiearbeid | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Bibliotek og bibliotekstenester | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| IKT-tenester (f.eks. læringsplattformar, programvare og PC-tilgang) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Organiseringa av studieprogrammet ditt

## Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvaliteten på informasjonen om studieprogrammet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Den administrative tilrettelegginga av studieprogrammet (timeplan, studieplan, etc.) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Den faglege samanhengen mellom emna i studieprogrammet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

# Vurderingsformer

## I kva grad meiner du at eksamenar, innleveringar og andre vurderingsformer hittil i studieprogrammet ditt:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Har handla om sentrale delar av lærestoffet (pensum) | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har kravd forståing og resonnement | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har hatt tydelege kriterium for vurdering | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Har bidrege til di faglege utvikling | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

## Medverknad

I kva grad opplever du følgande?

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Studentane har moglegheit for å gi innspel på innhald og opplegg i studieprogrammet | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Studentane sine innspel vert følgt opp av institusjonen | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Det vert lagt til rette for medverknad gjennom studenttillitsvalde, fagutval, studentparlament, etc. | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Eige læringsutbytte

Kor tilfreds er du med eige læringsutbytte hittil i studiet, når det gjeld:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Teoretisk kunnskap | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Kunnskap om vitskapleg arbeidsmetode og forsking | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eiga erfaring med forskings- og utviklingsarbeid | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Yrkes- og fagspesifikke ferdigheiter | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Evne til refleksjon og kritisk tenking | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Samarbeidsevne | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Munnleg kommunikasjonsevne | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Skriftleg kommunikasjonsevne | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Evne til å tenke nytt | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Evne til å arbeide sjølvstendig | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Eige engasjement

I kva grad er du einig i dei følgande påstandane:

| | Ikkje enig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg er motivert for studieinnsats | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg nyttar meg av dei organiserte læringsaktivitetane som er tilbode | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg møter godt budd til undervisinga | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Eg opplever at min studieinnsats er høg | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Overordna tilfredsheit

| | Ikkje enig (1) | (2) | (3) | (4) | Heilt einig (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg er, alt i alt, nøgd med studieprogrammet eg går på | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

## Tidsbruk på faglege aktivitetar

*Om lag kor mange timar per veke, i gjennomsnitt hittil på dette studiet (ikkje medrekna feriar), brukar du på:*

Læringsaktivitetar organisert av institusjonen (inkludert all undervising og rettleiing, samt praksis om det er relevant)

__________

Eigenstudiar (lese pensum, gjere oppgåver, delta i kollokvier og anna gruppearbeid, etc.)

__________

## Løna arbeid ved sida av studia

*Om lag kor mange timar per veke, i gjennomsnitt hittil på dette studiet (ikkje medrekna feriar), brukar du på:*

Løna arbeid

__________

## Praksis

*Praksis foregår ofte på ein ekstern arbeidsplass, til dømes på sjukehus, skule, bedrift (ekstern praksis). Praksis kan og vere internt på høgskulen/universitetet, til dømes på internklinikk ved institusjonen (intern praksis). Praksis kan vere valfri eller obligatorisk.*

Har du hatt praksis som ein del av studieprogrammet ditt?

☐ Ja
☐ Nei

Har du hatt meir enn ein praksisperiode i løpet av studieprogrammet, ber vi deg svare for den **praksisperioden du hadde sist.** Dersom du er i praksis no, ber vi deg svare for noverande praksisperiode.

Kor tilfreds er du med:

| | Ikkje tilfreds (1) | (2) | (3) | (4) | Svært tilfreds (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Korleis høgskulen/universitetet forberedte deg på praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Korleis praksisperioden passa inn i studieløpet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Rettleiing undervegs i praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Læringsutbyttet du fekk frå praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Arbeidsoppgåvene sin relevans for det du studerar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Korleis studieprogrammet legg opp til refleksjon om erfaringar frå praksisperioden | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

## Tilknytning til arbeidslivet

*Her ønsker vi at du tenker på den informasjonen og dei moglegheitene du får både via studieprogrammet ditt og andre aktørar på institusjonen, til dømes karrieresenter og studentforeiningar.*

I kva grad opplever du følgande:

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje / ikkje relevant |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eg får god informasjon om korleis kompetansen min kan brukast i arbeidslivet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får god informasjon om kva yrker/bransjar som er relevante for meg | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Eg får innføring i korleis eg kan formidle mi eiga kompetanse til potensielle arbeidsgivarar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Representantar frå arbeidslivet er involvert i undervisinga | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Det er moglegheiter for å jobbe med prosjekt/oppgåver i samarbeid med arbeidslivet | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

## Undervisings- og arbeidsformer - bidrag

I kva grad bidreg desse undervisings- og arbeidsformene til læringa di?

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Førelesing | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Seminar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Gruppe utan lærar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Skriftleg arbeid til innlevering | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Prosjektarbeid | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Feltarbeid / ekskursjon / eiga datainnhenting | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Laboratorieøving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Anna praktisk øving | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Case | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Simulering/rollespel | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Praksisperiodar | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |
| Digitale arbeidsformer | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ | ☐ |

## Kunstig intelligens

*Med «kunstig intelligens» (KI) meiner vi her generativ KI – verktøy som kan lage eller bearbeide innhald. Det kan vere tekst (som ChatGPT, Copilot), bilete (som Midjourney, Stable Diffusion), lyd (som Musenet, Magenta) eller video (som DeepDream).*

| | I liten grad (1) | (2) | (3) | (4) | I stor grad (5) | Veit ikkje |
|---|---|---|---|---|---|---|

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| I kva grad får du tilstrekkeleg opplæring i bruk av KI-verktøy på studieprogrammet/institusjonen? | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| I kva grad finst det tydelege retningslinjer for bruk av KI ved eksamen og andre vurderingssituasjonar? | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

### I kva grad har du nytta deg av KI i studiearbeidet ditt?

❑ Brukar ikkje

❑ Brukar sjeldan

❑ Brukar av og til

❑ Brukar ofte

### Kva brukar du KI til? Fleire svar mogleg.

❑ Generere/skrive tekst

❑ Kvalitetssikre/redigere tekst (stavekontroll, omformulering, etc.)

❑ Omsetje tekst

❑ Oppsummere eksisterande tekst (artiklar, pensum, eigne oppgåver, etc.)

❑ Forklare tema, pensum, konsept, terminologi, etc.

❑ Som "diskusjonspartnar", inspirasjon for oppgåver, idémyldring, etc.

❑ Generere/skrive kode (f.eks. til programmeringsverktøy)

❑ Generere lyd, bilde, eller video

❑ Anna - ver venleg å spesifisere:__________

### Kryss av for den undervisningsforma som passar best med undervisninga som vert gitt på studieprogrammet

❑ Regelmessig fysisk undervisning

❑ Samlingsbasert undervisning med eller utan nettundervisning i mellom samlingane

❑ Kun nettundervisning

❑ Ingen av kategoriane over passar - ver venleg og skildre korleis undervisninga går føre seg:__________

### Kor ofte møter du opp ved lærestaden for undervisning eller eigen studieinnsats?

❑ 5 dagar i veka

❑ 3-4 dagar i veka

❑ 1-2 dagar i veka

❑ Nokon dagar i månaden

❑ Sjeldnare

## Informasjon om deg

Vi har fått informasjon frå din høgskule / ditt universitet om blant anna studieprogrammet du går på og studieåret du er i. Vi ber deg fylle inn litt meir bakgrunnsinformasjon, som ikkje skal brukast til anna enn forsking.

### Kryss av for den høgaste utdanninga foreldra dine har fullført:

| | Ingen formell utdanning | Utdanning på grunnskulenivå (barne- og | Utdanning frå vidaregåande | Høgare utdanning, til og med 4 år (inkludert | Høgare utdanning, 4,5 år | Veit ikkje | Ønsker ikkje å |
|---|---|---|---|---|---|---|---|

| | | ungdomsskule) | opplæring | fagskule) | eller meir | | svare |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Mor eller annan føresett | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |
| Far eller annan føresett | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ | ❑ |

Ditt kjønn

❑ Mann

❑ Kvinne

❑ Anna kjønnsidentitet

❑ Ønsker ikkje å svare

## Kommentarar

Har du ønske eller idear til forbetring av studieprogrammet? Eventuelle kommentarar du skriv her vil verte sendt - anonymt - til høgskulen din / universitetet ditt og kan bidra til utvikling av studieprogrammet ditt.

Her kan du gi tilbakemelding til HK-dir på korleis du tykkjer spørjeskjemaet fungerer.

## Samtykke til kopling av opplysningar

Til forskingsføremål ønskjer vi å kople svara dine med bakgrunnsdata frå DBH, registerdata frå SSB (til dømes arbeidsstatistikk frå A-ordninga, utdanningsstatistikk og befolkningsstatistikk), og eventuelle andre undersøkingar frå HK-dir. Koplinga kan gjerast fram til 2030. Fødselsnummer blir berre lagra for å kunne gjennomføre koplingane.

Data vert behandla konfidensielt, og resultata vil aldri bli publiserte på ein måte som gjer at enkeltpersonar kan gjenkjennast. Koplede data blir lagra i forskingsarkivet hos Sikt og kan brukast til forsking fram til 2040.

Eg samtykkjer til at svara mine kan koplast med bakgrunnsdata frå DBH, registerdata frå SSB og eventuelle andre undersøkingar frå HK-dir fram til 2030.

❑ Ja

❑ Nei

# Framtidig kontakt

Vil du motta korte oppfølgingsundersøkingar i 2026? Oppgje i så fall e-postadressa di. Du kan bli kontakta maks to gonger. Adressa blir sletta seinast 28. februar 2027.

E-postadresse

___________

Takk for at du svara på årets undersøking. Resultata blir publiserte på http://www.studiebarometeret.no rundt midten av februar.

Med venleg helsing,
HK-dir (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse)